



DEN NORSKE KIRKE

Ogna sokneråd

Dato:	09.02.2017
Arkivsak	16/00017
Dokumentnummer:	16/00017-004
Arkivkode:	29
Saksbehandler:	Tom Magne Ueland

Saksnr	Sak	Møtedato
005/17	Høyring-ordning for utpeiking av biskoper	16.02.2017

Vedtak

Høyringsuttale frå Ogna sokneråd.

Ogna sokneråd støttar ein modell med rein valordning for utpeiking av biskop.

Ogna sokneråd meiner at den beste valordninga er den som peikar ut ein biskop som sokna, prestane og tilsette med røysterett i bispedømmet ynskjer

(modifisert modell 3)

Denne valordninga:

- Tek § 2 i Kyrkjelova på alvor: "Soknet er den grunnleggende enhet i Den norske kyrkje og kan ikke løses frå denne".
- Demokratisk, og i samsvar med ordningane i europeiske og nordiske kyrkjer.
- Brei nominasjon og kvalifisert vurdering av kandidatar blir ivaretatt i nominasjonsprosessen av bispedømmerådet.
- Dei fire hovudelementa i bispetenesta er ivaretatt (s. 6 i høyringsnotatet).
- Einskap i sokn og bispedømme blir best ivaretatt, og blir ikkje svekka i Den norske kyrkje.
- I samsvar med tidlegare kyrkjemøte sitt syn.

Dersom ei valordning med røysterett berre i bispedømmet som Ogna sokneråd primært går for, ikkje blir realisert, støttar Ogna sokneråd sekundært ei valordning gjort greie for i (modell 3).

Preses er primært leiande biskop og leiar bispemøtet. Ho/han har også Nidaros domprosti som sitt tilsynsområde, etter gjeldande reglar. Ogna soknerådet meiner at preses sin nasjonale rolle er den viktige, og derfor skal ikkje sokneråd og tilsette i Nidaros domprosti røysta. Ogna sokneråd meiner også at bispemøtet bør med ved det endelege valet og ikkje berre ved nominasjon.